

**Skattedirektoratet, Rettsavdelingen –
Særavgiftsseksjonen**
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Dato: 28.12.2015

Høyring flypassasjeravgift I Norge

I statsbudsjettet for 2016 er det vedteke å innføra ei flyseteavgift på kr 80 pluss mva på reiser frå norske flyplasser. Dette betyr I følgje NHO Luftfart, ein prisauke på 10% på innanlandsreiser.

Me er uroa for at den nye avgifta vil medføra rutekutt på strekninga Stord-Oslo v.v.

Danish Air Transport AS trugar m.a. som følgje av avgifta å redusera antal frekvensar på strekninga Stord-Oslo v.v.

Sunnhordland Lufthavn AS, som står for den daglege drifta av Stord Lufthavn, Sørstokken stiller seg kritisk til denne avgifta, som i verste fall kan medføra at lufthamna står utan flyrute til Oslo.

Med helsing

SUNNHORDLAND LUFTHAVN AS

Jan Morten Myklebust
Dagleg leiar

Skattedirektoratet, Rettsavdelingen - Særagiftsseksjonen
Postboks 9200 Grønland

0134 OSLO

Vår dato: 23.12.2015
Vår ref: 2015/12 - 25416/2015 / 000
Dykkar ref:

Høyring flypassasjeravgift i Norge

I statsbudsjettet for 2016 er det vedteke å innføra ei flyseteavgift på kr 80 pluss mva på reiser frå norske flyplassar. Det betyr ifølgje NHO 10 prosent prisauke på innanlands flyreiser. Me er uroa for at dette vil medføra kutt i dei minst lønsame rutene i landet. DAT trugar m.a. som følgje av avgifta med å redusera flygingane på Oslo-ruta til og frå Stord lufthamn, Sørstokken.

Stord kommune har ikkje fått status som høyringsinstans i saka. Me vil likevel melda at kommunen stiller seg kritisk til denne avgifta, som er innført utan at det er gjennomført nokon form for prosess/høyring eller konsekvensvurdering. Som eit minimum krev me at avgifta ikkje vert innført før konsekvensane er vurderte.

Med helsing

Harry Herstad
Ordførar

Magnus Mjør
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift